

## Utflytt døl, 1. februar 2020

### Velkomst v/styreleiar Knut Hovslien

Kjære utflytte døler og anne godtfolk – på vegner av Stiftinga G-Kultur ønskjer eg velkomen til Teatersalen og til *Utflytt døl!* Eg heiter Knut Hovslien, og er styreleiar i G-Kultur.

«Om hundre er allting gløymt», skreiv dikteren. Det er ikkje vi einige i, i alle fall ikkje i dag. 2. februar 1920, med andre ord 100 år sidan i morgon, vart Gudbrandsdalslaget i Oslo stifta, og vi synes at 100-årsmarkeringa var ei fin moglegheit til å invitere til fest. Og vi er på «historisk grunn» - stiftingsmøtet fann stad i det som den gongen heitte Børssalen og som låg rett opp her, i 2. etasje i Bøndernes Hus. Børssalen har for lengst forsvunne, der er det nå hotelrom i Bondeheimen.

Det var Rasmus Kjørstad og Kenneth Lien som stod for Overtyren, og dei skal vi høyre meir frå etter kvart i eit program rikt på både tonar og ord.

I programfaldaren de har fått finn de også kort informasjon om Gudbrandsdalslaget i Oslo og om Stiftinga G-Kultur, oversikt over medverkande, og på siste sida diktet *Utflytt døl*, som ga oss tittelen på arrangementet vårt.

Stiftinga G-Kultur er nå i ferd med å avslutte det som var oppdraget vårt, nemleg å ta vare på arven etter Gudbrandsdalslaget. Når festen er over her i dag, og rekningane betalde, er det meste av pengane våre oppbrukt, og derfor går vi mot ei styrt avvikling av stiftinga innan 30. juni i år.

På bord bak i salen vil de bl.a. finne oversikt over prosjektilskot som G-Kultur har gjeve i perioden 2015-2019, totalt 646.000 kr til 61 prosjekt og kulturutøvarar med tilhøyrighet til Gudbrandsdalen. Desse midlane utgjer ca 42% av det G-Kultur hadde å rutte med da Gudbrandsdalslaget vart nedlagt i 2013, og vi synes det har vore ein veldig fin og god måte å bruke pengane på, med på sett og vis å gje dei attende til dalen.

Kunst- og kulturaktørar som har fått tilskot frå Stiftinga G-Kultur har vorte invitert til å presentere si eiga verksemd her i dag, f.eks. med utdeling av infomateriale. Det er ikkje så mange som har hatt moglegheit til å vere med, men på bordet bak kan de likevel finne noko.

Arrangementet i dag er støtta økonomisk av Sparebank 1 Lom og Skjåk, og TINE Meieriet Lom & Skjåk har sponsa oss – sjølsagt med raudost. Det kjem vi attende til. Skrivekonkurransen *Unge røyster* og skriftsamlinga *Unge røyster 2020* er støtta økonomisk av Oppland fylkeskommune og av kommunane Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron og Vågå. Ein stor takk til alle desse!

Kaffistova vil sørge for salg av drikke i pausa, og etter avslutta program blir det både mat og drikke å få kjøpt. Og vi kan fortsette samveret her i Teatersalen om ikkje til den ljose morgon så i alle fall utetter ettermiddagen. Ein stor takk både til Kaffistova v/stovaleiar Kim Erik Tolleshaug og Bondeungdomslaget v/dagleg leiar Øystein Bagle-Tennebø for godt samarbeid!

Stiftinga G-Kultur ønskjer dykk ei god og triveleg oppleving!

Da gjev eg ordet til Magnhild Bruheim, som skal leie oss gjennom programmet.